



KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 3 - DESEMBER 2020

25. ÅRGANG

«Gjetarane på Betlehems-markene»



«Ver ikkje redde! Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede som skal timast alt folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by; han er Kristus, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og kvad: «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske som Gud har hugnad i!»

Gledeleg jul!

Framsdebildet



Gjetarane på Betlehems-markene

Tresfjord-antemensalet: Antemensalet (altarfremstykket) som heng over preikestolen i Tresfjord kyrkje, er frå første halvdel av 1300-talet. Det er eitt av berre eit par slike bilete som enno finst 'i aktiv teneste' ute i ei kyrkje. Dei om lag 30 andre norske antemensala som heilt eller delvis er bevart, er alle på museum. Tresfjord-antemensalet er eit Maria-antemensale med eit stort midtfelt som syner Jomfru Maria med Jesusbarnet på fanget. På liknande måte som rutene i ein teikneserie, syner fire sidebilete forteljinga om Jesu barndom. Oppe til venstre ser vi engelen som kjem med


bodskap til Maria om at ho er med barn og skal føde ein son, og Maria som møter Elisabet. Oppe til høgre ser vi gjetarane på Betlehems-markene, og nede til venstre kongane eller dei tre vise menn frå Austerland som kjem med gåver for å tilbe Jesusbarnet. Desse to bileta fortel at evangeliet er for alle, både fattig og rik. Nede til høgre vert forteljinga avslutta med at Josef og Maria kjem til tempelet i Jerusalem og syner fram Jesusbarnet, med gamle Simeon til høgre.

Martinus Løvik

Vågstranda kyrkje 150 år

Av Martinus Løvik

Vågstranda kyrkje feirar 150 år i år. I høve jubileet har soknerådet på Vågstranda laga eit lite hefte på 26 sider, som fortel om mykje av historia til kyrkja. Det er interessant og triveleg lesnad. Vågstranda vert ein del av Vestnes kommune frå 1. januar 2021, og det kan vere bra å gjere seg litt kjent med historia til den nye familie-medlemmen vår. Vågstranda har gått frå Vøy til Rauma og no til Vestnes. Ein blir sjølvstendig av slikt, og vågstrandiane har nok lært seg å ta vare på seg sjølve og sine egne tradisjonar. - Hefte *Vågstranda kyrkje 150 år* er å få kjøpt på nærbutikken på Vågstranda.



Julkveldsmolta

Av Birger Foseide

Da eg var vikarprest i Vestnes i september såg eg ein dag på bensinstasjonen at det var sal av bær. Også molter. Det var nok ikkje kortreiste bær. Og i Vestnes er det sikkert mange som "hentar" molta sjølve i fjellet.

I år fann eg mykje molte. Frå midten av juli gjer eg slik som så mange andre, går mange turar i skog og fjell og tenkjer på julkveldsmolta. Sjå for deg ei myr øvst i skoglendet, opp mot fjellet. For min del er det sør i Trøndelag og på Møresida av grensa – utan å gå altfor mykje i detalj! Det lyser av raudt og gult bortover myra. Det er fleire måtar å nærme seg ei moltemyr på. Du kan seie: Her er det berre kart, og så går du stolt og oppreist vidare. Eller du seier til deg sjølv: Her er det altfor lite molte, det er ikkje noko å bry seg med. Og så går du til neste myr...

Men eg har lært at det finst ein annan måte å gå laus på ei moltemyr på. Eg har sett litt meir nøye etter. Eg går bort til skogkanten og bøyer meg ned og skuvar unna nokre kvistar og gras og busker, og da har det komme fram nokre gule vedunder: Modne molter. Kanskje må eg legge meg ned og krype innunder treet for å få tak i vedunderet.

Hadde eg berre gått med stiv nakke forbi myra, så hadde eg gått glipp av dette funnet.

Det kan vere slik elles i livet også. Den som berre ser med eit overflatisk blick utover livet og kvardagen, kan gå glipp av mykje i dei nære tinga. *"Ditt sinn monne flyve så vide omkring. Det er som du glemmer de nære ting."* syng Arne Paasche Aasen. Det kan finnast mange verdiar og lyspunkt i ein grå kvardag. Eg høyrde det sagt i ei gravferd her ein dag: Ho var så lett å glede. Viss ein ikkje overser verdien i dei nære ting, så finn ein lett mange gleder i det små.

Vi går glipp av mykje når vi går med ei overlegen mine og stiv nakke gjennom livet. Vi må våge å vere meir nærgående. Vi må nærme oss kvarandre, bry oss og lytte til kvarandre. Kanskje er det ei grein vi stikk oss på som må bøyst unna for å finne fram til det som er av verkeleg verdi. Vi må vere villige til å rydde unna det som stenger og skjuler for det som er verdifullt. Det finst noko verdifullt i alle menneske, det finst lyspunkt i alle kvardagar.

Eg måtte bøye meg ned for å plukke julkveldsmolta. Det er ofte eg må bøye meg for å få tak i det verdifulle. Det viktigaste i livet er gratis. Da tenker eg ikkje på molte, men på Guds nåde. Det viktigaste i livet har mange menneske oppdaga i bøygd, knestående stilling. For når eg bøygde min stolte nakke for Gud, så fekk eg ta imot det Gud ville gje meg. Tenk på alt vi går glipp av fordi vi ikkje bøyer oss for han. Og når vi først har bøygd oss ned og rydda unna det som stengte, så oppdaga vi at det var så mykje fint der nede.

Julekvelden er Gud så liten. Han er berre eit lite barn.



Mange oppdagar ikkje at Barnet var Gud. Men vismennene såg det. Dei fall på kne og tilba Han og gav han dyre gåver. Så verdifulle er vi for Gud, at Gud steig ned for å finne oss og vere nær oss. Nåden er dette at Gud steig ned for å løfte oss opp. Men nåden er så vanskeleg å finne at det hjelper ikkje berre å rydde unna nokre greiner. Nåden må avdekkast, openberrast for oss. Og det gjer Jesus: *"I dette vart Guds kjærleik openberra mellom oss at han sendte sin einborne Son til verda så vi skulle ha liv ved han."*

Glimt frå Hausttakkefest i Fiksdal kyrkje



Foto: Nils-Berge Sundfør

Min julesalme

Av Astrid Løvik

Å velje ut *ein* favoritt mellom alle dei vakre julesalmane vi har, er ikkje lett. Skal eg legge mest vekt på teksten eller på melodien, velje blant dei nye eller dei gamle salmane, eller skal eg peike på ein av dei eg har spesielle opplevingar eller minne knytt til? Eg har eit ti-tals «*vakraste*» julesalmar. Frå «*Mitt hjerte alltid vanker*» og «*Det lyser i stille grender*» til «*En krybbe var vuggen*» og «*Nordnorsk julesalme*». Og sjekk den makelause teksten i «*Kling no klokka! Ring og lokka*» eller melodien til «*Å, kom nå med lovsang, jordens kristenskare!*»

For gamle menneske som meg kjem barndomen oftare attende i tankane med sine landskap, stemningar, lydar og lukter. Ei av dei mange førebuingane til jula var julesongane. Treninga starta på skulen i advent. Generalprøva var sjølv julekvelden, og premieren var juletreffesten på «andag».

Det er denne stemninga som no avgjer salmevalet mitt. Eg har landa på Blix-salmen «*No koma Guds englar med helsing i sky*».

Eg likar melodien svært godt. Ein blir glad av å synge eller nynne den. På nettet finn eg salmen sunge av ulike stemmer, både frå kor og solistar. Herleg er det òg å høyre Roald Kleiveland sin tangentimprovisasjon over denne skotske folketonen.

Teksten er gamaldags, men forfattaren var ein høgst språkkyndig person med diktartalent og interesse for folkeleg skriftspråk. Elias Blix hadde særleg kunnskap om orda sitt opphav og tyding i dei språka som fanst på Jesu tid. Forfattaren Jan Inge Sørbo greier ut om dette og seier om Blix at sjølv om han skreiv rørande vakkert om sine heimlege trakter («*Å eg veit meg eit land*»), var han langt i frå nokon «*heimføding*» når det kom til språk.

Alle skulebarn på 1950-talet på Daugstad skule kjente godt til innhaldet i juleevangeliet og geografien rundt hendinga der i enden av Middelhavet. Bibelhistoria vart fortalt oss på ein framifrå måte, framande ord vart forklart for oss og kartet over området hekk på tavla. Vi hadde òg ein naturleg relasjon til stjerner og nordlys på vinterhimmelen den tida, for gatelys fanst ikkje. Sjølv utan erfaring med englar kunne vi lett sjå dei for oss. Og vi visste ein heil del om stallar, sauer og gjeting. Referansane til jordbruket



var naturlege for oss og vi hadde ingen problem med å forstå bildebruken og innhaldet i salmetekstane. Sjølv der teksten viste til Jakob og Isak, visste vi at fødselshendinga i Betlehem var spådd i Det gamle testamentet.

I seinare tid har eg lært at denne Blix-salmen var den første salmen sunge på landsmål i ei norsk kyrkje. Dei første fire hundreåra var kyrkjespråket latin og uforståeleg for andre enn den lærde eliten. Dei tre neste hundreåra vart språket dansk eller dansk-norsk, framleis fjernt frå talemålet. At folkemålet skulle få farge det liturgiske innhaldet i kyrkerommet, vart eit symbol på auka sjølvkjensle, stoltheit over eigen stand, nasjonsbygging og språket si makt.

Det vart ikkje jul i min barndom utan song rundt treet før pakkeopninga. Vi barna song alle dei songane vi hadde lært på skulen. Det var naturleg for oss å tenkje at no gjekk barn over heile verda og song sine julesongar slik vi gjorde.

At verda ikkje er slik, veit eg no. Men det er eit håp at alle Abraham-religionane ein gong skulle kunne synge saman.

No koma Guds englar

No koma Guds englar med helsing i sky,
Guds fred og velsigning dei bjoda.
No stig ifrå jordi ein helgasong ny,
som skal gjennom himmelen ljoda:
Guds fred og vel møtt,
du barn som er født!
Vår fredsfyrste høgt vere lova!

Til frelsa den fyrste er kåra og krynd
og komen til løysing og lukka
for menneskeborn som er fødde i synd
og alt uti vogga må sukka.
Guds fred med dei små
som honom fekk sjå!
Vår fredsfyrste høgt vere lova!

I djupaste mørker vart himmelen klår,
då stjerna av Jacob seg viste.
I hardaste vinter det grønkar som vår,
og fagraste knupp spring av kviste.
Guds fred og god jol
med sumar og sol!
Vår fredsfyrste høgt vere lova!

Der ute er jordi so isande kald
og trei stend svarte i skogen.
Men Isai stuv, som til frelsa er vald,
skyt livskvisten fager og mogen.
Guds fred med den tein
av grønkande grein!
Vår fredsfyrste høgt vere lova!

No stjerna frå Betlehem lyser om land
frå høgsal til armaste hytta.
Det ljøsar so vent yver dalar og strand
der inn hennar strålar få glytta.
Guds fred over mold!
Vår sol og vårt skjold
Vår fredsfyrste høgt vere lova!

No ljodar ein lovsong frå alle Guds born,
på alle folks tungor dei kveda.
Så vide som klokkene tima frå tårn,
stig tonar av hugnad og gleda.
Alt kling som i kor:
Guds fred over jord!
Vår fredsfyrste høgt vere lova!

Lat gjetordet ganga frå grend og til grend
så vide som tunga kan mæla,
om Sonen som er oss frå himmelen send
all verdi til siger og sæla!
Syng ut i kvar bygd:
Guds fred ifrå høg!
Vår fredsfyrste høgt vere lova!

Den freden meg fylgje frå vogga til grav,
meg hugge i såraste suter!
So seier eg når eg frå verdi fer av
og døyande hovudet luter:
Guds fred og farvel!
No sovnar eg sæl.
Vår fredsfyrste høgt vere lova

Elias Blix



Foto: (engelen i vannmerket) Audbjørg Gjerde Lippert

Førjulssamtale med sjukepleiar og misjonær

Av Nils-Berge Sundfør

Elisabeth Petra Faksen (83) er utdanna sjukepleiar ved Lovisenberg i Oslo. Der starta ho som sjukepleiar og der jobba ho fram til ho vart pensjonist. Men frå 1980-2000 har ho vore i teneste for Det norske Misjonsselskap. Som utsending var ho i fleire periodar stasjonert ved Aira hospital i Wollega i Vest-Etiopia, nær grensa til Sudan.



Ein finfin haustdag no i oktober er eg på veg til Tomrefjord. Der møter eg Elisabeth i heimen sin der ho bur nede ved fjorden med flott utsyn mot Fiksdal og Rekdal. Ho har på seg eit nydeleg smykke i gull frå Axum i Nord-Etiopia. Eit kjærte minne som ho fekk i gåve frå kollegaene sine på 50 årsdagen.

- Som sjukepleiar møter ein mange menneske i ulike kritiske situasjonar. Då er det godt å kunne dele av det som betyr så mykje for ein. Vi har ingen garanti for å bli spara for sjukdom, men vissa om at ein ikkje er åleine, har vore ein styrke. Jesus har lova å gå med oss kvar einaste dag. Det var masse gode dagar i arbeidet, men og tøffe dagar. Det var krig mellom Etiopia og Eritrea då eg kom ut, så NMS var litt i tvil om eg skulle reise, fortel Elisabeth.

- På misjonsmarka er det mange som treng hjelp. Me har fått misjonsbefalinga, og eg møtte mange som aldri hadde høyrte om Jesus. "Kven er denne Jesus?", spurde dei. Mange er animistar, dei trur på ulike åndsmakter og driv med ritual innan kulturen sin. Helsevesenet har enno ikkje nådd ut til heile folket, så difor brukar mange det tradisjonelle. Det er ein del ofringar og masse ting i bruk når dei tilber og påkallar åndsmaktene. Det er viktig å få utdanne innfødde helsearbeidarar slik at dei kan ta opp viktige ting i si undervisning til folket. Infrastrukturen var ikkje så godt utbygd, vegane ute på landsbygdene var dårlege. Vi fekk ingen pasientar meldt inn, men måtte ta imot alle som kom, natt som dag. Dette var ei spanande oppgåve å vera med på, fortel Elisabeth vidare.

- Den Etiopiske Evangeliske kyrkja "Mekane Yesus" som

tyder: "Staden der Jesus bur", driv også eit omfattande skule- og helsearbeid, som det var spanande å bli kjent med og ta del i. Kyrkja legg vekt på at tenesta skal vera heilskapleg, vise omsorg for heile mennesket, seier ho.

I samtalen kjem vi så etter kvart inn på jul og julefeiring i Etiopia. Elisabeth fortel at ho kunne feira jul to gonger. Først 24. og 25. desember og så jula etter juliansk kalender, der julaften er 6. januar (vår 13. dag jul) og høgtidsdagen, juledag, er 7. januar.

- Eg har fått oppleve julefeiring på forskjellig vis. Ein spesiell julaften i Aira kyrkje i Wollega hugsar eg godt. Eg arbeidde då ved Aira hospital. Gudstenesta er godt førebudd og byrjar kl. 14. Då kjem ungar og vaksne i sin finaste stas, til festklede har dei på seg tradisjonelle fargerike drakter. Det er eit syn å sjå. Kyrkjevegen er under halvtimen å gå for oss, og då vi passerer husa på veg til kyrkje, ser me inngangsdørene er pynta med store raude julestjerner. Desse trea veks ganske vilt i Etiopia. Mykje folk er samla, god stemning og mange forventningfulle og glade ansikt er å sjå. Fleire lokale kor, både barne-, ungdoms- og vaksenkor deltek med vakker song. Det vert lese frå Bibelen, profetiane bruka dei mykje tid på, og sjølvstilt juleevangeliet. Etiopiarane er veldig flinke med drama, vi får dramatisert innskrivinga, reisa til Betlehem, leiting etter husrom, englesongen og den glade budskapet frå engelen: *"I dag er det fødd dykk ein frelsar"*. I dramaet høyrde vi barneskrik og hyrdane kjem vandrane opp jordgolvet saman med sauene. Ei flott oppleving eg alltid vi hugse, seier Elisabeth.

- Så etter ca 5 timar kunne vi gå ut i kveldsmørket med ein tropehimmel full av stjerner over oss. Det som hende i Betlehem er like aktuelt i dag. Må den glade budskapet fylle våre sinn og hjarte med glede, slik det vert uttrykt i julesalmen *"No koma Guds englar"* av Elias Blix. Salmen er skriven i 1870 og står i Norsk salmebok nr. 54:

*No ljodar ein lovsong frå alle Guds born,
på alle folks tungor dei kveda.
So vida som klokkene kima frå tårn,
stig tonar av hugnad og gleda.
Alt kling som i kor: Guds fred yver jord!
Vår fredsfyrste høgt vere lova.*

- Juledagsmorgonen kjem folk saman igjen i kyrkja til

Elisabeth Petra Faksen frå Tomrefjord



Gudsteneste i Aira kyrkje i Wollega, foto privat.

høgtidsgudsteneste kl. 11. Då er det lovsong- og takke-gudsteneste, ei gudsteneste som varer i om lag 2 timar. På gudstenesta tek dei seg god tid. Dei som har vore sjuke og har lyst til å takke, får kome fram og fortelje kva dei har opplevd. Mange kjem for å søkje forbøn, og gudsteneste-leiaren eller presten gir dei høve til det. Kyrkjelyden skal vera eit levande fellesskap, der ein skal ta seg tid til kvarandre og hjelpe kvarandre, seier Elisabeth vidare.

Etter kvart i samtalen forlet vi Etiopia og pensar inn på Noreg og minne frå oppveksten.

- Før, då eg var ung, kom mange talarar og hadde møte på bedehuset, og vi gjekk der. Men det var ein del strev, så det gjekk ei god tid før eg fekk sjå at evangeliet var gratis. Det var befriande. Alt av nåde, seier ho.

- Jul har vore, og er for meg fest, høgtid og forventningar om at alle skal ha det så bra som råd. Det er alltid spesielt med førebuingar til jul, også i dag. Eg ser tilbake



Altaret i Aira kyrkje i Wollega, foto privat.



Smykke fra Axum i Nord-Etiopia, foto Nils-Berge Sundfør.

på førebuingane i barne- og ungdomsåra med mange gode minne. Det å bake julekaker, lefse og å lage sylte høyrde med. Men vi har vel slått litt av på krava i dag. Det er framleis ei høgtid eg gleder meg til, men det komersielle har litt stor plass. Vi må ikkje misse fokuset på kva jula eigentleg er, fortel Elisabeth.

Til slutt ynskjer Elisabeth å helse alle lesarane av Kyrkjebladet med ein amerikansk julesong "Away in a Manger" frå 1883. Her har Agnes Landmark omsett fyrste verset og Eivind Skeie har skrive 2. og 3. vers (1979). "En krybbe var vuggen" står i Norsk salmebok nr. 56:

*En krybbe var vuggen som ventet ham her,
det lille barn Jesus, vår Frelser så kjær.
Men stjernene lyste helt inn der han lå,
det lille barn Jesus, på leiet av strå.*

*Så enkelt og stille kom Gud til vår jord.
Så høyt er jeg elsket av Jesus, min bror.
Han kom fra Guds himmel, Gud selv var han lik,
men Jesus ble fattig, og jeg er blitt rik.*

*Fra krybben til korset gikk veien for deg,
slik åpnet du porten til himlen for meg.
Velsign oss, vær med oss, gi lys på vår vei,
så alle kan samles i himlen hos deg!*

FN sine mål for berekraftig utvikling

Av Per Audun Høgset

Nobels fredspris blir i disse dagar delt ut til FN-organisasjonen WFP (World Food Program), Verdas matvareprogram. Organisasjonen sin innsats i kampen mot svolt er med på å skape føresetnad for fred i område som er utsette for konflikthar, og for å vere pådrivar i arbeidet mot å bruke svolt som våpen i krig og konflikthar. sDet mest grelle dømet på det siste finn vi kanskje i Jemen. Årleg hjelper WFP om lag 100 millionar menneske i 85 land.

FN arbeider på svært mange område. I 2015 vart dei såkalla berekraftmåla vedtekne etter at medlemslanda i FN hadde kome med innspel. I tillegg hadde om lag 10 millionar menneske uttalt seg gjennom eit spørjeskjema.

Berekraftig utvikling vil seie at verdas menneske får dekt sine behov utan at dette fører til at kommande genera-

sjonar blir skadelidande. Prinsippet om at dei mest sårbare skal prioriterast, «no one left behind», er viktig, t.d. menneske med nedsett funksjonsevne, flyktningar, etniske og religiøse minoritetar, jenter og urfolk. Dei vala vi gjer som einskildmenneske og som nasjon, er viktige. «Live simply so that others may simply live» er Mahatma Gandhi sitt råd til oss.

FNs berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Vi har ifølgje FN 10 år på å nå desse 17 hovudmåla, som ein kan finne meir om på fn.no på internett.



- 1. Utrydde fattigdom:** Utrydde alle former for fattigdom i heile verda
- 2. Utrydde svolt:** Utrydde svolt, oppnå mattryggleik og betre ernæring, og fremje berekraftig landbruk.
- 3. God helse og livskvalitet:** Sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder.
- 4. God utdanning:** Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle.
- 5. Likestilling mellom kjønna:** Oppnå likestilling og styrkje stillinga for jenter og kvinner i samfunnet.
- 6. Reint vatn og gode sanitærforhold:** Sikre berekraftig vassforvaltning og tilgang til vatn og gode sanitærforhold for alle.
- 7. Rein energi til alle:** Sikre tilgang til påliteleg, berekraftig og moderne energi til ein overkomeleg pris.

8. **Anstendig arbeid og økonomisk vekst:** Fremje varig, inkluderande og berekraftig økonomisk vekst, full sysselsetjing og anstendig arbeid for alle.
9. **Industri, innovasjon og infrastruktur:** Byggje solid infrastruktur og fremje inkluderande og berekraftig industrialisering og innovasjon.
10. **Mindre ulikskap:** Redusere ulikskap i og mellom land.
11. **Berekraftige byar og lokalsamfunn:** Gjere byar og lokalsamfunn inkluderande, trygge, robuste og berekraftige.
12. **Ansvarleg forbruk og produksjon:** Sikre berekraftige forbruks- og produksjonsmønster.
13. **Stoppe klimaendringane:** Handle omgåande for å motarbeide klimaendringane og konsekvensane av dei.
14. **Livet i havet:** Bevare og bruke hav og marine ressursar på ein måte som fremjar berekraftig utvikling.
15. **Livet på land:** Verne, tilbakeføre og fremje berekraftig bruk av økosystem, sikre berekraftig skogforvaltning, motverke ørkenspreiing, stanse og reversere landforringing og stanse tap av artsmangfald.
16. **Fred, rettferd og velfungerande institusjonar:** Fremje fredelege og inkluderande samfunn for å sikre berekraftig utvikling, sørgje for tilgang til rettsvern for alle og byggje velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå.
17. **Samarbeid for å nå måla:** Styrkje verkemidla som trengst for å gjennomføre arbeidet, og fornye globale partnerskap for berekraftig utvikling.

Ønskjer alle ei berekraftig førjulstid, ei fredeleg julehøgtid og eit godt nytt år der «no one is left behind».

Innsamling til Vestnes kyrkje


Innsamling til nytt teppe i midtgangen til jubileet i 2022, samt utebenkar til kyrkjegarden. Den tradisjonelle kyrkjebasaren vart det ikkje noko av denne hausten på grunn av korona.

Teppeet i midtgangen som er i kyrkja i dag er nedslitt, og eit nytt må spesialbestillast innan 150-års jubileet i 2022.

Vestnes sokneråd håper mange vil støtte denne innsamlinga.

Vipps: 627426

Kontonummer: 3910.22.42703



Glimt frå trusopplæringa hausten 2020

Etter Corona-nedstenginga i vår var det kjekt å få lov å starte opp att med trusopplæringstiltak. Vi har hatt 4-årsbok utdelingar i alle fire sokn, utdeling til dei som går i 2. klasse i Vestnes (sidan dei ikkje fekk i vår), tårnagent i Vestnes, 2-årssamling og babysong.



Koseleg med babysong i kjellaren på kyrkjekontoret.



Kyrkja på tur, grilling i gapahuken i Kråkvika.



4-årsbok utdeling i Tresfjord.



Utdeling av bok til 4-åringar og 7-åringar i Vike..



4-årsbok utdeling i Fiksdal.

Det har lenge vore tenkt at vi skulle ha eit tilbod for 2-åringane, og no har vi hatt første samling om den vesle sauene som går seg vill og blir funnen att. Det var song, bevegelse, leiteleik og skodespel. Til slutt fekk alle 2-åringane kvar si bok med fortellinga om den bortkomne sauene. Kjempekjekt for både små og store, og nedafor ser vi mange blide 2-åringar i Vestnes kyrkje



50 år, men ingen bursdagsfest no

Første søndag i advent, 29. november, er det 50 år sidan Vike kyrkje vart vigsla. Dette er jo ingen høg alder for ei kyrkje, men vi på Vikebukt er glade i kyrkja vår, og vil gjerne markere bursdagen.

Vi planla festgudsteneste i kyrkja på bursdagen, med påfølgjande middag på Gjermundnes vidaregåande skule. Prost Erling Nevland, prestar og kantor i Vestnes, Tomrefjord songlag og Stijn Berbe skulle medverke. Dessutan hadde mange andre fått særskilt invitasjon, mellom andre tidlegare prestar og organistar, dei to som vart døypte på vigslingsdagen, det første kullet av konfirmanter, dei andre sokneråda i Vestnes og soknerådet i Vågstranda. Kullet med konfirmanter til våren skulle delta i prosesjon.

Dette kan vi diverre ikkje gjennomføre no, slik smittesituasjonen har utvikla seg. Eventuell jubileumsfest kan ikkje bli før neste år ein gong. Første søndag i advent blir det vanleg gudsteneste, med ei enkel markering av bursdagen.



Konfirmantane 1970-71. Bak f.v. Lasse Kringstad, Odd Einar Frisvoll, Ove Eikeland, Torgeir Floyd Hansen, sokneprest Hellebust, Bjarne Leikarnes. Framme f.v. Inger Krogseth, Hildegunn Vik, Karen Margrethe Gjermundnes, Anita Leikarnes Nerås, Solgunn Krogseth Uren

Nye kyrkjetekstilar

Vike kyrkje har hatt berre raude tekstilar, dvs. messehakel og preikestolklede. Soknerådet har difor arbeidd i mange år med å skaffe midlar og få laga tekstilar til dei andre fargane i kyrkjeåret. Kyrkjeofringar og balldagar i kyrkja har skaffa pengane som trengst. Tekstilkunstnar Bjørg Hustad har fått oppdraget med å lage messehaklar



*Vike kyrkje ein vinterdag.
Foto: Svein Oskar Smogeli*

og klede til preikestolen og lesepulten i grønt og fiolett. Tekstilar i kvitt og lesepultklede i raudt må kome seinare. Dei grøne tekstilane er nyleg ferdige, og vart tekne i bruk ved siste gudsteneste. Bjørg Hustad rekna med å ha preikestolklede og lesepultklede i fiolett klare til jubileet, som skulle vere første søndag i advent, medan messehakelen ikkje kan bli ferdig. Arbeidet med dei fiolette plagga er forsinka fordi ho har fått garn med feil fargetone frå Nederland, og det tok lang tid å få nytt i koronatida. Bjørg Hustad skulle ha kome på jubileumsgudstenesta og forklart symbola på dei nye tekstilane. Vi vonar at ho kan gjere det ved eit seinare høve.

Vike sokneråd



Bjørg Hustad

«Strålende tider»

I denne kalde vintertiden trenger vi varmende musikk, og det blir det mye av når Hallvar Djupvik og Stephanie Lippert byr inn til konserten «Strålende tider». Det blir klassiske sanger som O helga natt, Jul jul strålende jul og Mitt hjerte alltid vanker, men også julesanger fra andre sjangre som Christmas song, When you wish upon a star og Have yourself a merry little Christmas - alt arrangert for sang og gitar.

Billetter voksne: 300kr Ungdom under 15 år: 150kr

Billetter selges kun via nettet: www.tikkio.com

Pga Korona er det et begrenset antall billetter.



Tradisjonelle juletonar i Vestnes kyrkje

Tomra Brass Band med gjestar inviterer til sin tradisjonelle konsert «Juletoner» laurdag 12. desember. Her kan du kome i julestemning med kjente julesangar og messingklang. På grunn av smittevern er det begrensa antal billetter til salgs. Meir informasjon om konserten blir oppdatert fortløpande på Tomra Brass Band si Facebook side. Korpset ønskjer so mange som råd velkomen til konsert!

Bli med og syng jula inn

Jula 2019 fekk Beate Haddal Ødegård og Ingunn Drabløs med seg Anne-Sofie Haddal Kaggerud og eit band med lokale musikarar, og arrangerte gratis julekonsertar i Brattvåg og Vatne kyrkje. No held prosjektet fram, utvida til fleire stadar!

Med støtte frå Sparebanken Møre og fleire lokale sponsorar er det mogleg å arrangere gratiskonsertar også i år!

I år som i fjor har vi vald å gi publikum moglegheita til å støtte BARNEKREFTFORENINGA I MØRE OG ROMSDAL.

Alt som kjem inn KONTANT eller på VIPPS går til dette gode føremålet!

Vårt Vippsnr er: 619009



Teaterlaget



Prosjektgruppa på årets konsert: f.v. Malin Johanne Lien, Julie Kristin Tennøy Kjelsvik, Kathrin Tennøy, Silje Nordvik og Janne Iren Holseter (John Salthammer og Rolf M. Orø var ikkje til stades då bildet vart tatt).

Teaterlaget vil gjerne gjenta suksessen frå i fjor, og vil tilbake i kyrkjerommet, for å få fram den verkeleg gode julestemninga. Torsdag 10. des. kl. 20.00 blir det julekonsert med Vestnes teaterlag i Vestnes kyrkje, der vil vi synge mange julefavorittar og lese nokre juletekster.

Det er også planlagt nokre fellesnummer, i år som i fjor, med alle som vil i frå laget. Elles består produksjonen av ei mindre prosjektgruppe, som står for planlegging og dei andre innslaga. Konserten er gratis, som i fjor, berre frivillig kollekt til teaterlaget for den som vil.

Situasjonen med korona har gjort at vi tenkjer at, uansett kva som skjer, vil vi prøve å sende konserten også digitalt på teaterlaget si offisielle facebookside, for dei som ikkje vil, eller kan, komme i kyrkja (då vil det være opplyst eit vippsnummer for evt. kollekt.) Så konsert skal vi prøve å få til, uansett korleis situasjonen ser ut 10. desember!

Hjarteleg velkomne på konsert!

Førjulskonsert med Åva'i Bedehusa Band

Som namnet antydgar kjem dei fleste i bandet fra "åva'i" bedehuset på Rypdal i Tresfjorda. Bandet spelar til vanleg fengande musikk frå 50-talet og fram til i dag, med country, pop og rock på repertoaret. Laurdag 5. desember vil Åva'i Bedehusa Band halde to førjulskonsertar, den første kl. 1600 i Vestnes Kyrkje, deretter kl. 1900 i Tresfjord Kyrkje. Bandet ønsker publikum velkommen til ein konsert med god førjulsstemning, både frå inn- og utland. Åva'i Bedehusa Band består av Rita Kjersheim (song/gitar), Jon Petter Syltebø (song/munnspel/tuba), Brit Guro Rypdal Hovden (tangentar), Halvor Hovden (bass), Mats Hugo Frostad (trommer) og Trond Salthammer (gitar).



Våre katolske røter

Av Martinus Løvik

Reformasjonen i 1537, då den katolske kyrkja vart kasta på dør og protestantismen innført, var ikkje noko som steig opp frå folkedjupet. Det var - som vi opplever mange reformer også i dag - ein reform gjennomført frå toppen (den gong kongen) og ned. Den kom, då som ofte no, som del av eit maktspele. Det var stor motstand i folket mot å få ei ny ordning i kyrkja, med prestane som pompøse statens tenestemenn (dei vert ofte gjort til lått i folkeeventyra), fjerning av mange helgenbilete (sett på nærast som avgudar av protestantane), og fjerning av sideskip med altar for Maria Møy, St. Olav og andre kjære helgenar i kyrkjene. Dyrkinga av Jomfru Maria skal ha vore særleg sterk her på Nordvestlandet, iallfall i Vatne hadde dei ei Maria-kyrkje.

Først på 1840-talet 'lausna det' litt. Dette var også delvis som del av ein politisk maktkamp - den norske Sankt Olav kom til 'heder og verdighet' att som motvekt mot den svenske kongemakta. Ein ny norsk fortensorden innstifta i 1847 vart kalla St. Olavs orden - for å unngå å måtte kalle den Kong Oscars orden. Katolske kyrkjesamfunn hadde blitt tillatne i 1843.

Etter reformasjonen heldt 'grasrota' lenge fram med ein meir eller mindre katolsk praksis i livet utanfor kyrkja, med spor heilt opp mot vår tid. Valfart til det lækjande krusifikset i Røldal skjedde så seint som fram til om lag 1850, og folk besøkte heilage Olavs-kjelder for å hente lækjande vatn fram mot 1950. I Tresfjord er det nedteikna ei katolsk bøn som levde på folkemunne - på latin! - opp mot vår tid, og som er attgjeven i Agnar Skeidsvoll si bygdebok frå 1958. Den skal visstnok enno, nokså lik Tresfjord-versjonen, vere i bruk som første del av ei bøn i den katolske messa, der sunge til ein folketone frå Sicilia:

<i>O, sanctissima, O piissima,</i>	<i>Å du mest heilage, frommaste</i>
<i>Dulcis virgo Maria.</i>	<i>Milde jomfru Maria</i>
<i>Mater amata, intemerata,</i>	<i>Mor, elskelege, reine,</i>
<i>Ora, ora pro nobis</i>	<i>Be, be for oss</i>

Læraren Matias Vike (1875-1940) fortel i Romsdal Sogelag sitt årsskrift 1923 om ei bøn han hadde etter godmor si, Hille Olsdotter Skeidsvoll (f. 1789), som hadde lært den av si godmor Sigrid Eidhammer gift Skeidsvoll. Den gong Hille gjekk på skulen, var skikken at kvart av borna i siste timen fredag ettermiddag skulle seie fram ei bøn dei hadde lært seg. Skulemeisteren hennar Hille, Lars Øvstedal - han var eldste bror til den namngjetne presten og stortingsmannen Niels Dahl (1806-1854) - ville ikkje vite av denne bøna i skulestova. 'Me er ikkje kato-likkar', sa han. Matias Vike hadde son til Ivar Brovold, Iver, som lærar ei stund, og han ville heller ikkje vite av bøna. «Me er ikkje katolikker, korkje i eiller du Matias, so du må gløyme denna», sa han.

*Maria faldt på sine bare kne,
Faldt tre tåra blod,*

*Såg sin velsignede søn på korset,
Fager og fin, mild og blid,
Neglet og steglet gjennom hender og føter,
Ni ganger gjennom Jesu hellige hjerterot.
Verden gafs derav,
løv og græs falt derav,
dyr og løve tok til å græde,
sol og måne møste sit skin,
alle Guds engler burt de vil,
alle småfugler møtte snill.
I namn Gudfader kom jomfruen frem,*




*«Lysglobane si mor», det stilserde jordkule-treet laga til Uppsala Domkyrka i 1968. I midten det store Kristus-lyset, omkring er dei små lysa me sjølve kan tenne i verda. Globen er ein bønestad og ein minnestad, i somme kyrkjer også ein offerstad.
Foto: Martinus Løvik (2018)*

bar boken i hånden, lukk att barmen,
og lukk opp den himmelske sæle,
her skal alle sønderknuste sjele innlukkes.
Sæl og salig er denne mann,
som denne bøn rett lære og lese kan
av sit ganske hjerte
um han hadde so mange synder
som det haglet, regnet ned fra himmelen!

Frå 1600-talet kjenner me rettsaker også i vårt område der folk var tiltala for 'kjettersk praksis' – i realiteten at dei fall attende til katolsk praksis. «Draumkvedet» vert av somme sett på som eit mot-reformatorisk verk. «Grasrota» - eit uttrykk innført av Åsmund Olavson Vinje i den moderne tydinga – er i sanning ein seig masse å snu! Ei bok av Henning Laugerud som kom i 2018, fortel mykje om korleis katolisismen levde vidare 'i folkedjupet'. Boka er svært interessant lesnad med fleire perspektiv, dersom ein er interessert i kyrketradisjonane våre og vil prøve å forstå den norske 'folkesjela' bakover i historia.

Elles har det skjedd store endringar dei siste ti-åra i haldningane til katolisismen. I Vestnes sogelag sitt Årsskrift 2020 kan me lese om då „Skorgens indremissionsforening“ vart stifta i 1908: „Foreningen har til formaal, paa grundlag av Guds ord og den Lutherske bekjendelse, at virke for alt hvad der kan fremme Guds riges sag i menigheden...“. 'Guds ord' aleine var ikkje nok, 'den Lutherske bekjendelse' måtte òg vere med som grunnlag. Eg minnest at på 1950-talet var 'katolsk' nærast for eit skjellsord å rekne mellom dei omvendelses-kristne. Eg fekk oppleve sterk skepsis til avhaldslosjen IOGT fordi vi på møta hadde på oss regalier. Regaliane var som dekorerte framstykke av ein vest, eg meiner å huske dei var djupraude og hadde gull- eller sølvband langs kanten. Truleg finst dei enno. Slikt seremoniell vart mislikt, «det e då mæstå katolsk!». Det katolske vart sett på som ein overflatisk seremoni-kristendom, utan sann tru. Men ting har skjedd, synlege handlingar og ritual er blitt viktigare. Lysgloben vart 'oppfunnen' i Norden av den unge kapellane Martin Lønnebo. Han fekk i høve Kirkenes verdensråds møte i Uppsala i 1968 laga ein globe (jordkule) i form av eit stilisert tre, utført av kunstnaren Olof Hellström. Seinare har globen spreidd seg i enklare form i kyrkjene i Norden 'som eld i tørt gras', men den vart i starten møtt med mykje motstand og debatt fordi den verka så 'katolsk'. - For ikkje å snakke om prosesjonane ved gudstenestestart no - eg lurar på kva dei gamle ville sagt! Ein skal sanneleg ikkje leve så lenge før mangt har endra seg!



Henning Laugerud: Reformasjon uten folk. Det katolske Norge i før- og etterreformatorisk tid. St. Olav forlag 2018.

Kyrkja og jula i sogelags-årbøkene for 2020

I Vestnes sogelags Årsskrift 2020 finn me to forvitnelege artiklar av Nils G. Gjelsten frå tidleg 1900-tal, «Juleerindringer fra Gjelsten» og «En kirketur», henta fram frå ei gamal skrivebok av Vebjørn Fiksdal. Martinus Løvik skriv om «Engel eller prest?», om ein takdekorasjon i koret i Tresfjord kyrkje. Same forfattar har i Romsdal sogelags årbok 2020 ein rikt illustrert artikkel om «Lilja frå gamle Tresfjord kyrkje - det gamle glasmåleriet frå 1634».

«De spedalske – de bede så vakkert»

Av Martinus Løvik

Slik fortel Eilert Sundt (1869) at folk i Haram omtala dei spedalske på Reknes Hospital, som dei kvart år regelmessig ga almisser til, og elles lova gåver til når dei var i naud. Truleg var dette ein leivning av ein gamal katolsk tradisjon. Gåvene vart gjevne med håp om forbøn frå dei ulykkelege spedalske på Reknes, med ønskje om tilgjeving frå Gud og redning frå båtkvelven.

Dei spedalske på Reknes bad ikkje berre så vakkert, dei hadde og ei vakker altertavle i hospitalkyrkja. Denne fine altertavla har vore i Fiksdal kyrkje sidan 1866. Altertavla er så gammal som frå 1716, og den vart då gjeven til det nyoppretta Reknes Hospital på Molde av futen Børge Eeg på Gjermundnes. To år seinare ga han også preikestol til hospitalkyrkja. Altertavla på Reknes vart teken ned i 1862 i samband med modernisering av institusjonen. Den vart så montert i den nye Rekdal kyrkje i 1866 saman med preikestolen frå 1718. Reknes-tavla i Fiksdal kyrkje vart bytta ut mot altertavla «Jesus i Getsemane» med bedehus-stil i 1907. Ho sto deretter på nordveggen, til ho vart sett inn att som hovudaltertavle til 100-årsjubileet i 1966. Ho fekk då nye sidevengar, ettersom dei gamle hadde kome bort. Sidevengane er dekorert med mange kuler, som kan minne om knutane eller kulane i ansiktet på nokon med knuteformen av lepra, men det skal vere usagt om dette er symbolikken – at hos Jesus er det redning å få for dei spedalske. Om ein vil, kan ein iallfall tolke det slik.



Altertavla i Fiksdal kyrkje. Den vart laga i 1616 og gjeven av futen Børge Eeg på Gjermundnes til Reknes Hospital. Til Fiksdal-kyrkja kom den i 1866. Bilete: Martinus Løvik.

Reknes Hospital var ein institusjon for spedalske, oppretta i 1713, men nesten mellomaldersk i måten den var innretta på. I mellomalderen var sjukehusa barmhjertigheits-institusjonar drivne i kyrkjeleg regi, og sjukehusa var innreidde nesten som kyrkjer. Noko av dette hekk att på Reknes – kyrkja var integrert i hovudbygningen og låg midt i denne. Ikkje berre var det då lett å komme seg i kyrkja for dei sjuke og skrøpelege, men det var òg sjukeom med vindaugo rett inn mot kyrkjerommet på begge sider. Dei verst sjuke kunne slik få ta del i gudstenesta frå sjukeomma sine, og det var visstnok også eit galleri med ope tre-gitter inn mot kyrkjerommet i etasjen over. Byborgarane i Molde kunne bruke kyrkja, og fordi bygningen var innretta på denne måten, slapp dei å blande seg med eller jamvel å sjå dei mest grotesk vansira spedalske.

Ingen sjukdom er så bibelsk som spedalskheit eller lepra, som den også heiter. Den vert nemnt ei rekkje gonger både i det gamle og det nye testamentet. Årsaka til sjukdommen er ein bakterie, *Mycobacterium leprae*, som er i slekt med tuberkulosebakterien. Leprabakterien veks svært langsamt, og utviklinga av spedalskheit går derfor oftast veldig seint, over mange år. Spedalskheit ytrar seg i litt ulike former, og ikkje alle som er råka vert like sterkt angripne. Spedalskheit er ikkje ein sjukdom som raskt tek livet av ofra sine, dei blir ofte seigpinte år ut og år inn. Dei kan bli grotesk vansira medan nase, hender og føter



Ein leprasjuk. Teikning frå Johan Ludvig Lossings *Atlas colorié de spedalskhet* (1847). Losing fekk gode kritikkar for leprateikningane sine på Verdsutstillinga i Paris i 1855. Lepramuseet i Bergen/Universitetet i Bergen.

sakte rotnar bort. Skulle ein velje ein sjukdom som var årsak til skrekk og gru, som var uhelbredeleg og håplaus og forferdeleg å sjå på, kunne ein ikkje noko verre finne enn spedalskheit. Og knapt noko under, anna enn å vekkje døde til liv att, kunne vere større og gjere sterkare inntrykk på folk enn det å gjere spedalske friske att, som Jesus gjorde (Lukas 17:11-19). Gjere dei spedalske reine att, var ein annan måte å seie det på.

Spedalskheit var ikkje ein uvanleg sjukdom ute på øyane og i fjordbygdene her på Vestlandet. I Bygdebok for Tresfjord nemner Olav Rekdal fleire stader at nokon var spedalske, og vi kjenner til dømes spedalske på Øverås på 1800-talet. Det var på 1800-talet like mykje spedalskheit i fjorddistrikta på Vestlandet, som ein på 1900-talet kunne sjå til dømes i dei verste områda i Burma. Nordmannen Armauer Hansen er verdskjent for å ha oppdaga leprabasillen i 1873, og i mange land brukar dei Hansen's disease som namn på sjukdommen lepra. Spedalskheit skal ha hatt ein auke i Noreg tidleg på 1800-talet, men vart deretter gradvis mindre vanleg her hos oss. Dette var truleg fordi levekåra og hygienen vart betre. Då Armauer Hansen rundt 1870 reiste rundt og kartla førekomen av lepra, fann han om lag 70 tilfelle i det som no er Vestnes kommune. Enno er spedalskheit eit stort medisinsk og også sosialt problem til dømes på Madagaskar, og ei utfordring som misjonæranne våre møter.

Eilert Sundt reiste rundt i landet og gjorde studiar av levekåra i Noreg på 1850- og 1860-talet. I ei av bøkene sine, «Harham. Et

eksempel fra fiskeridistrikterne» frå 1859, skildrar han eit besøk på Reknes Hospital i 1856: «Nogle uger efter ... var jeg på Molde og besøgte de spedalske på hospitalet. De bo i flere værelser, og i hvert var der vel en 10-12 lemmer, mænd og kvinder, gamle og unge, med deres senge, madskabe, kaffekjedler og kopper. Thi hver har sit eget madstel. Hos nogle havde sygdommen allerede udrettet det meste av sit værk: Fingrene faldne af, hænderne visne, armer og ben nummene, øinene værkende ud af deres huler, læberne så slappe, så munden ikke lenger kunde lukkes, halsen sår og stemmen hæs, så den lød som af en grav. Og vel endnu mere skar det mig i hjertet at se de unge (der var endog også børn), på hvem sygdommen netop havde sat sit mærke, så de hørte den til som dens redningsløse bytte; på deres ældre lidelses-fæller måtte disse se, hvad de selv lidt efter lidt skulde blive: Mennesker, hvem forrådnelsen har grebet, endnu førende de ere lagte i sin grav».

Den vakre altertavla i Fiksdal kyrkje har ikkje berre ein bibelsk bodskap, den minner oss også om at me bør kjenne takksemnd for å leve i ei tid då spedalskheit ikkje er noko me treng å frykte. Og at me bør hjelpe menneska som lever der spedalskheit enno øydelegg livet både for barn og vaksne, der dei spedalske vert vekkgyymde og inga framtid har, dersom dei ikkje får god medisinsk behandling.



Fiksdal kyrkje, med altertavla og preikestolen frå Reknes Hospital, laga i 1616 og 1618. Begge vart gjevne av futen Børge Eeg på Gjermundnes. Foto: M. Løvik

Kyrkjeverja sitt hjørne

Vi har lagt bak oss ein spesiell haust. Korona-viruset som kom inn i landet tidleg på året stengte ned mykje av det som skulle skje i kyrkjene våre på vårparten. Konfirmasjonsgudstenestene blei utsett til no i haust, og det har ført til ein hektisk periode dei siste månadene. Vi har til dømes i haust gjennomført 9 konfirmasjonsgudstener, noko som er langt fleire enn i «normale tider». Det er også andre tiltak som vart umogleg å arrangere i vår som no er gjennomført i haust. Det har som de skjønner vore nok å «henge fingrane i» for staben.

Fiksdal kyrkje fekk automatisert klokkeringinga i slutten av oktober. Det lettar mykje jobben for kyrkjetenaren. Høgtidsringinga er førehandsprogrammert, så kyrkjetenaren kan sitte heime og ete julemiddagen på den tida han tidlegare stod i kyrkjetårnet og ringte jula inn.

Vike sokn har i mange år ønskt seg kyrkjetekstilar i fleire av kyrkjeårets fargar. Fram til no har dei berre hatt messehakel og preikestolklede i raudt. No har dei fått tekstilkunstnar Bjørg Hustad til å utarbeide tekstilar i dei liturgiske fargane grønt og fiolett, og det skal vere ferdig til bruk under jubileumsgudstene 29. november.

Vestnes sokn har i haust hatt digital innsamlingsaksjon til inntekt for nytt golvteppe i kyrkja. Målet er å få det på plass til kyrkjejubileet i 2022. Dei håper elles å få inn så mykje at dei også kan gå til innkjøp av utebenkar på kyrkjegarden. Dette har vore godt annonsert i lokalpressa og på facebook.

Det er på sentralt kyrkjeleg hald sett ned eit utval som skal sjå på den kyrkjelege organiseringa. I dag har kyrkja to arbeidsgjevarlinjer. Ei linje for prestane, og ei for dei andre kyrkjeleg tilsette. Utvalet skal sjå om det er meir fornuftig å slå saman dette til ei arbeidsgjevarlinje for alle tilsette i kyrkja. Utvalet er så vidt kome i gang, og det vil ta månader og kanskje fleire år før det vil kome ein konklusjon på det. Det er mange høyringsinstansar som skal uttale seg undervegs.

Vi har hatt to vikarprestar i staben denne hausten. Birger Foseide var her i september, og Per Inge Vik frå midten av oktober til ut november månad. Dei har vore til uvurderleg hjelp, og vi vil gje dei ein stor takk!

Hjelvika og Vågstranda blir ein del av Vestnes kommune ved årsskiftet 2020/2021. I samband med dette blir Vågstranda kyrkje og kyrkjegard eit ansvar vi tek over. Vi vil ønske innbyggjarane i dei bygdelaga hjarteleg velkomne til oss i Vestnes.

Desember månad står for tur med mange arrangement i våre kyrkjer. Det er til dømes planlagt fleire konsertar som skal haldast, og alt skal sjølvstendig skje i samsvar med smittvernreglane. Følg med i lokalavisene og på våre nettsider for tidspunkt.

Til slutt vil vi i staben ønske alle våre lesarar ei velsigna julehøgtid og eit godt nytt år. Og hugs: Ta godt vare på kvarandre!

Olav Egil Tomren



VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00

John Sylte, sokneprest

Telefon: 71184234/ 91865064

E-post: john.sylte@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær

Telefon: 71184232

E-post: reidun.blø@vestnes.kommune.no

Olav Egil Tomren, kyrkjeverje

Telefon: 71184235/ 91629416

E-post: olav.tomren@vestnes.kommune.no

Ellen Schiøtt, sokneprest

Telefon: 71184230/ 92046814

E-post: ellen.schiott@vestnes.kommune.no

Ellen Edvardsen, diakon

Telefon: 71184236/ 97499175

E-post: ellen.edvardsen@vestnes.kommune.no

Ingvild Venås Sánchez, trusopplærar

Telefon: 71184238/ 41472908

E-post: ingvild.venaas@vestnes.kommune.no

Jostein Maude, kantor

Telefon: 92226151

E-post: jostein-maude@hotmail.com

Geir Falch, kyrkjetenar Telefon: 90217404

Andrew Lange, kyrkjetenar Telefon: 40548156

Nina Kvernmo, konfirmanthøyrar

Telefon: 95231698, E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:

www.vestnes.kyrkja.no

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Asbjørn Gisnås, Martinus Løvik,
Nils-Berge Sundfør og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret, 6390 Vestnes

*

Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å ta kontakt med redaksjonen.

Vi er avhengige av gåver til drift og distribusjon av Kyrkjebladet.

Kontonummer 4056.20.62124

Kyrkjebladet har fått Vipps.

Vippsnummeret er: 511986

Det er mulig å bestille bladet for dei som bur utanfor kommunen.

Konfirmantar i Vestnes hausten 2020



Hellandkonfirmantar
Foto: Kari Utgård



Hellandkonfirmantar
Foto: Kari Utgård



Vikekonfirmantar
Foto: Kari Utgård



Fiksdal- og Tomrefjordkonfirmantar
Foto: Kari Utgård



Tresfjordkonfirmantar
Foto: Kari Utgård

Gudstenester i Vestnes

(med atterhald om evt. endringar, sjå heimesida www.vestnes.kyrkja.no)

28. nov. Laurdag

Fiksdal kyrkje kl. 18.00

Adventssong. Utd. til 5. klasse.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

29. nov. 1. s. i advent

Vike kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste. (Det planlagde 50 år-jubileet er utsett p.g.a. korona).

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

13. des. 3. s. i advent

Vestnes sjukeheim kl. 11.00

Nattverdsgudsteneste.

Tresfjord trygdeheim kl. 16.00

Nattverdsgudsteneste.

24. des. Julaftan

Det blir ikkje gudsteneste i nokon av kyrkjene julaftan i år fordi det tradisjonelt brukar å være fulle kyrkjer denne dagen, og det derfor er vanskeleg å gjennomføre ei gudsteneste innafor gjeldande smittevernreglar. Oppfordrar i staden til å sjå på NRK sine julegudstenester på TV.

25. des. 1. juledag

Fiksdal kyrkje kl. 12.00

Familiegudsteneste.

Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.

Vestnes kyrkje kl. 14.00

Høgmesse. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.

26. des. 2. juledag

Tresfjord kyrkje kl. 12.00

Høgmesse. Dåp.

Takkoffer til KRIK Vestnes.

Vike kyrkje kl. 14.00

Høgmesse. Takkoffer til Misjonsprosjektet.

Redaksjonen i kyrkjebladet

beklagar at gudstenestelista denne gong ikkje går lenger enn t.o.m. jula, det er fordi den på det tidspunkt som bladet gjekk i trykken ikkje var ferdig og godkjent.

Oversikt over gudstenestene utover nyåret vil bli å finne i Vestnesavisa, Bygdebladet og Sunnmørsposten.

I tillegg kan de til ei kvar tid finne oversikta på heimesida til kyrkja: www.vestnes.kyrkja.no



Foto: Ruth Simensen

Slekters gang

Vestnes kyrkje

Døpte:

08.09 Julia Frisk Azour
08.09 Olivia Pia Frisk Azour
13.09 Loke Sebastian Tomren-Fredrikstad
13.09 Mathilde Hagerup Gjelsten Hagen
13.09 Jacob Husøy Venås
13.09 Mathea Flølo
04.10 Jakob Gjermstad Taklo
04.10 Felix Lid Krogsæter
18.10 Ariel Skjegstad Rekdal
25.10 Kim Daniel Bjerkevoll Ødegård
25.10 Theodor Dragnes Limås
08.11 Sigsten Solnørdal Fiksdal

Døde:

26.08 Njål Sigmund Sellereite
29.08 Inger Johanne Øveraas
02.09 Margit Herje
11.09 Jan Tryggeset (gravl. på Sæbø)
12.09 Lillian Misfjord
19.09 Unni Karin Westnes

05.10 Karstein Stokkeland

19.10 Hans Jonny Brude
(gravl. i Øverdalen)

22.10 Ivar Trygve Birkeland

15.11 Eli Sollied Øveraas

Vike kyrkje

Døde:

28.09 Rolv Urkedal
08.10 Sigmund Skjegstad
10.10 Svein Helle

Fiksdal kyrkje

Døpte:

06.09 Emilian Myrås Vestnes
06.09 Elea Solevågseide




Foto: Ruth Simensen

Tresfjord kyrkje

Døpte:

20.09 Alfred Rypdal Baltzersen
20.09 Mina Maribell Nerheim-Moen
11.10 Reodor Blø Bjørlykhaug
11.10 Eskil Kjersheim Moen
11.10 Simon Nordeide
11.10 Leonora Lid Stuen
08.11 Emma Vikås-Bjermeland
08.11 Aslak Severin Paus
08.11 Sienna Longva Valldal

Vigde:

10.10 Maria Flusund og
Håvar Marcelino
Bjørlykhaug Hånes

Døde:

07.09 Erling Lund
14.09 Nellaug Jenny Bjermeland